

Heisann,
eg sender inn dette spørsmålet til utvalsmøtet i Utval for opplæring og kompetanse 12.11.19.

Med beste helsing

Alexander Fosse Andersen
Vestland Senterparti

Spørsmål frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om handtering av personsensitive elevopplysningar

Den siste tida har det vorte oppdaga sikkerheitsvikt i Bergen kommune i samband med innføring av skuleappen Vigilo. Mellom anna har foreldre utan foreldreansvar vorte automatisk lagt til i Vigilo. Elevopplysningar som skule og klasse har då vore tilgjengelege for personar som absolutt ikkje skal ha dei. Ifølgje Bergens Tidende gjeld dette 2576 barn. Tre av desse bur på hemmeleg adresse, ti har familietilhøve som gjer at ein av foreldra ikkje skal ha nokon form for informasjon om barna. Seinare har det òg vorte oppdaga sikkerheitsfeil i meldingsfunksjonen i skuleappen.

Moderne teknologi gjer at me lever i ein alt meir digital kvardag, men teknologien fører òg til nye utfordringar. Sikkerheitsvikten i Bergen er alvorleg. Senterpartiet forutset at personsensitive elevopplysningar i Vestland fylkeskommune vert handtert på ein trygg måte. Likevel ynskjer me å stille desse spørsmåla til utvalsleiaren:

1. Kva system for lagring og handtering av personsensitive elevopplysningar vil Vestland fylkeskommune ha?
2. Kva system har ein for å forhindre at liknande sikkerheitsvikt som det ein har sett i Bergen ikkje skjer i Vestland fylkeskommune?

Bergen 28.10.19

Alexander Fosse Andersen
Vestland Senterparti